

TS RTTC

CB 883- 31
8/11.1

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 Oslo

Dykkar referanse:
06/883-RHO

Vår referanse:
093/06-613.0 GME

Dato:
27. oktober 2006

Høyring om ny konsesjon til Posten Noreg AS

Viser til høyringsbrev på departementet si heimeside. Noregs Mållag vil gjerne få kome med desse innspela:

1. Målbruk i Posten Noreg AS

Noregs Mållag vil rosa departementet for å ha teke inn i den nye konsesjonen eit krav om at all publikumsretta informasjon skal ligge føre på både nynorsk og bokmål.

Etter at Posten Noreg AS fekk mjuka opp vedtekten sine og berre *i hovudsak* skulle følgja mållova, har Noregs Mållag registrert ein markant auke i klagesaker som gjeld Posten og målbruk.

Sjølv om dei gjeldande vedtekten ikkje har unnateke Posten frå å ha publikumsretta informasjon på både målformer, er det vårt inntrykk at det med dei vedtekten skjedde ei haldningsendring i Posten, med negative følgjer for nynorsken. Svært mange stader har kundar som har etterspurd nynorsk, fått melding om at Posten ikkje lenger er pliktig til å bruke nynorsk / ha nynorske frimerke.

Med det gledelege konsesjonskravet som no er lagt inn, vil Mållaget derfor streka under at det også no vil vera viktig at det går ut tydeleg informasjon i heile organisasjonen som gjer klårt og tydeleg greie for kravet om at informasjon skal vera tilgjengeleg på både målformer. Til sist er det berre den praksisen som når heilt fram til kunden, som er vesentleg for dei fleste nynorskbrukarar når ein skal vurdera verdien av konsesjonskravet om målbruk.

2. Konsesjonskrav til Noreg – Norge på frankeringsmaskiner

For få år sidan måtte alle eldre frankeringsmaskiner bytast ut med eit nytt system, der m.a. maskinene berre kan frankere om ein har førehandsbetalt porto.

Ein uheldig bieffekt då dei nye maskinene kom i staden for tidlegare løysingar, er at det er nærmest uråd å få dei godkjende leverandørane til å levere frankeringsmaskiner som stemplar

Noreg. I følgje leverandørane er det så dyrt å lage ein original med Noreg, at dei ikkje er viljuge til å ta den kostnaden.

Det finst over 100 nynorskkommunar, fleire hundretals skular, ei rekke andre offentlege arbeidsplassar og tallause private arbeidsplassar som har nynorsk som arbeidsspråk. Då Noreg og Norge er jamstilte, offisielle namn på landet, burde det vera sjølvsagt at alle nynorske arbeidsplassar har høve til å få stempla posten sin med det landsnamnet dei bruker i annan tekstproduksjon.

Noregs Mållag bed om at departementet ser på denne saka og legg inn ei plikt til å kunne levere både Noreg og Norge i konsesjonskravet for formidling av frankeringsmaskiner.

Med venleg helsing
NOREGS MÅLLAG

Hege Myklebust
leiar

Gro Morken Endresen
dagleg leiar



"Gro Morken Endresen"
<gro.morken@nm.no>
27.10.2006 12:24

Til <postmottak@sd.dep.no>
cc
bcc
Emne høyring om ny konsesjon for Posten Noreg AS

ligg ved.

Venleg helsing

Noregs Mållag

Gro MorkenEndresen

dagleg leiar



- 613-093 Høyring om konsesjon for Posten Noreg As.doc